

Buen Garnås nominert til Spellemannspris

Spelemannen Per Anders Buen Garnås frå Bø er nominert til Spellemannsprisen 2015 i klassa folkemusikk/tradisjonsmusikk. Nominasjonen får han for plata "Greinir". I same klasse er Aastad Bråten, Nils Økland Band, Susanne Lundeng og Østerdalsmusikk nominert. Spellemannsshowet i Oslo Spektrum blir sendt direkte på NRK1 30. januar. I alt skal 26 prisar bli delt ut denne kvelden.

**Lausrivingsfest**

Laurdag blir det fest for alle på Bø Museum. Da skal ein feire at museet igjen er sjølvstendig og har rive seg laus frå Telemark Museum. Det blir servering.

Ny siger til Birk Jerven

Tråvhesten Birk Jerven har starta det nye tråvåret godt. Laurdag sprang hesten inn til ny siger på Biri tråvbane, hestens tredje på rad. Bø Tråvlag slår fast at hesten nå for alvor har funne seg til rette i Bø. Kust Vidar Hop serverte hesten eit veldig fint løp og ting løyste seg fint heile vegen. Tida blei 1.34,6 over 2.100 meter. Eiggar Arthur Bø kan innkassere 16.000 kroner i premie.



Mange diskusjonar. Det var både gruppemøte og ordførarmøte før forhandlingane kom i mål. F.v. rådmann Åse Egeland, varaordførar Borgar Kaasa, ordførar Olav Kasland og opposisjonsleiar Glenn T. Isaksen.

KOMMUNEREFORMA**fakta****Dette får kommunane****Nome:**

Teknisk etat: 30 arbeidsplassar
Nav og helseadministrasjon: 60 arbeidsplassar
Midt-Telemark Energi: 10 arbeidsplassar
Totalt: 100 arbeidsplassar

Sauherad:

Skule og oppvekst: 34 arbeidsplassar
Landbrukskontoret 6,5 arbeidsplassar
Frå rådmannens stab i Bø: 12 arbeidsplassar
Totalt 52,5 arbeidsplassar

Bø

Informasjon og kommunikasjon (IKT): 9,3 arbeidsplassar
Råmann: 46 arbeidsplassar
Kultur: 7 arbeidsplassar
Totalt 62,3 arbeidsplassar

Kommunehuset til Bø

Bø får kommunehuset og kulturleinga, medan Nome får nesten halvparten av alle arbeidsplassane, inklusiv teknisk avdeling. Sauherad får 52 stillingar og landbrukskontoret.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Medlemmane i forhandlingsutvalet blei einige om fordelingane av einingar og arbeidsplassar

etter ei lang tautrekking i møtet tysdag. Det var etter planen. Måndag 11. januar er målet at forhandlingsutvalet som arbeider med ny kommunestruktur i Midt-Telemark skal signere ei intensjonsavtale.

Hard nøtt

Diskusjonen i møtet dreia seg ikkje minst om landbrukskontoret og kommunehuset med rådmannsstaben. Landbrukskontoret tel 6,5 årsverk. På Brenna sit det òg private landbruksaktørar som til saman fyller Landbru-

kets hus.

Det vart peika på at forhandlingsutvalet er einig om at det ikkje skal byggjast nye hus, ein skal bruke dei ein har. På Søve er det ikkje kontorlokale til landbrukskontor. Det vart ikkje sagt noko om korleis ein ser for seg å løyse det.

Feil balanse

Olav Kasland gjentok at Bø måtte ha kommunehuset. Men han var einig i at fordelinga av arbeidsplassar som ein starta med ikkje var rett. Kasland foreslo at

ein kunne trekkje ut 12 stillingar frå rådmannen sin stab, skatteinnkrevjaren og tillitsvalde, og ei av dei andre kommunane kunne få dei stillingane dersom Bø fekk kommunehuset.

Nome tykte ikkje det var god nok betaling.

– Det er Bø som treng stillingane minst, meinte Hans G. Jørgensen, varaordførar i Nome.

Ordførarane på bakrommet

Då det såg ut som forhandlingane hadde køyrt seg fast gjekk dei tre ordførarane på bakrommet

og det utkrystalliserte seg eit kompromiss.

Björg Tveito Lundefaret peikte etterpå på at Nome hadde prioritert to ting, rådmannen og landbrukskontoret, og måtte gi slepp på begge. Mette Haugholt tykte landbrukskontoret hadde vorte dyrt, medan Kasland meinte at den delen av den nye kommunen (Bø) som brukar teknisk kontor mest, kjem lengst vekk.



BØ MILJØSTASJON
www.bomiljostasjon.no

OFFENTLIG GODKJENT AVFALLSMOTTAK

Private | Bedrifter | Landbruk

Avfallsmottak | Sorteringsanlegg | Containerutleie | Transport

PRISER:

- Privatpersoner ved levering: Personbil kr. 50,-
Personbil med henger kr. 100,-
- Bedrifter, levering og henting: Prisgaranti "Best på pris"

Fullstendige betingelser: www.bomiljostasjon.no

Åpningstider avfallsmottak

Tisdag 8-16 | Torsdag 8-16

Utover dette er anlegget åpent etter avtale. Utvidet åpningstid deler av året. For info: bomiljostasjon.no eller ring 35 95 05 32.

Velkommen til Sandavegen 10

NG Norsk Gjenvinning

Skjerpa straff for incest

Ein mann er dømd for å ha forgripe seg på barnebarnet sitt i Midt-Telemark. Overgrepa føregjekk over fleire år frå barnebarnet var 12 år gammalt. Då saka var oppe i tingretten vart dommen to års fengsel, seks månader av straffa vart på vilkår. Tiltalte anka saka til lagmannsretten. Ankegrunnen var bevisvurdering under skuldspørsmålet. Saka var oppe i Agder langmannsrett før jul.

Tiltalte meinte skuldingane var feil og ein del av familien meiner saka er meld for å

få pengar frå bestefaren. Den fornærma sjølv ville ikkje melde saka, berre ha slutt på overgrepa og fortalde derfor om dei til nær familie.

Agder lagmannsrett skjerpa straffa til to år og seks månader, men på grunn av lang behandlingstid må ein vesentleg del av straffa gjerast om til vilkårsdom. Saka låg hjå politiet i 16 månadar etter at den var ferdig etterforska.

– Det er uakseptabelt, skriv retten i dommen. Retten kritiserer i sterke ordelag politiet for gang på gang å neglisjere

gjentekne direktiv om å prioritere slike saker. Retten konkluderte med at ni månader av dommen blir på vilkår. Retten var også einig i at fornærma får ei oppreisning på 150.000 kroner, det same som tingretten kom fram til.